



Skiltet som no er på plass ved Uskedalen Brygge. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har no kome opp eit fint skilt ved innkøyrsla til Uskedalen Brygge og det er eit samarbeidstiltak mellom Sameiget Uskedalen Brygge og Uskedalen Brygge AS, opplyser leiar i Sameiget Marit Hjørnevåg til uskedalen.no.



Nye uteliggjarar er no på plass. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skiltet er laga av ein lokal designar, Th. Hansen på Sunde, og han har også teikna logoen som er eit speilbilete av taket sett frå sjøen. - Det står att å få lys på skiltet, som vi er svært fornøgde med, seier leiaren. Noko anna som er skjedd i det siste er utbetringa etter at skøyta Kvituren kørde inn i uteliggjarane og øydela tre av dei. No er nye uteliggjarar montert. Men det er ei forsikringsak, opplyser leiaren. I tillegg til at uteliggjarane vart smadra gjekk to båtar under.

Det skal i nær framtid koma fleire tiltak som gjer Uskedalen Brygge til ein enda meir triveleg plass både for dei som bur der og andre. Blant anna skal det monterast utelys på kaien, får vi opplyst.

Av Ola Matti Mathisen